

ARBEIDET MED NYNORSK RETTSKRIVING

MØTE I NEMNDA, I SPRÅKRÅDET 10. FEBRUAR 2010 KL. 9.30–15.30

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

Praktiske ting:

Overnatting: For seinare møte bestiller me overnatting til alle tilreisande nemndsmedlemmer som treng det, og begynner møta kl. 8.30. Aud bestiller overnatting. Me tek det som er rimelegast innanfor sentrum.

Reising i samband med invitasjonar for å tala om arbeidet i nemnda: Reis og eventuelt overnatting må dekkjast av den instansen som inviterer.

Kontakt med fagråd og sekretariat: Marit Hovdenak frå sekretariatet, sekretær i fagråd 3, blir med på dei fleste møta.

Medieovervaking: Nemnda får e-post kvar dag med samla treff på visse stikkord.

1 Godkjenning av referat og sakliste

Saklista vart godkjend med eitt tillegg: arbeidsrom på nett

Referat frå møtet 20. januar vart godkjent.

Form på referata: Nemnda ønskjer oppsummering frå debattane, kva problemstillingar som har vorte drøfta, og vedtaka. Viktig at rettskrivingsvedtak blir presiserte som førebels vedtak.

Talspersonar om kva nemnda kjem fram til, er Grete og Unn.

Reiselite og presseoppslag: Nemndsmedlemmer som har vore inviterte til stader for å fortelja om arbeidet i nemnda, rapporterer det til Aud, som lagar ei "reiselite". Dei rapporterer om tilbakemeldingar på neste møte i nemnda.

2 Framdriftsplan

Tidlegare utdelt plan vart teken til orientering.

3 Budsjett

Styret har bedd oss koma med innspel til budsjetten til fyrstkomande styremøte. Me har bedd styret om auke i tre postar i føreslått budsjett:

- Lønn til nemndsleiaren
- Honorar til å få gjennomført undersøkingar
- Tinging av utgreiingar

4 Nettsider

Sabine Rosenhart gjorde greie for forslag til nettsider for rettskrivingsnemnda.

Utforming av nettsidene

I tillegg til forslaget:

- Kalender over nemndsmøta, gjerne ein utvida kalender som viser milepålane undervegs.
- Bilete av skulebarn heller enn av nemnda på framsida vår.
- Bilete og omtale av nemnda under "Nemnda".
- I venstremenyen: eige punkt som heiter innspel, til fråsegner frå lag og organisasjonar. Vil me leggja ut tekstar frå enkeltpersonar, må me spørja innsendaren om løyve.
- Når høyringa er klar, må det vera eit eige punkt der høyringssvar kan leggjast ut. Høyringsinstansar blir dei same som sist.

Grete og Aud får tilgang til å publisera stoff på nettsidene.

Teljing av besøk: Det kan vera ei grei tilbakemelding om kor mykje sidene blir brukte.

Blogg/diskusjonsforum

Nettsidene skal ha ein blogg, men den blir ikkje operativ ganske enno, for Språkrådet har ikkje ei innebygd bloggløsning. Innlegga på bloggen skal godkjennast før dei blir publiserte, og me ønskjer ikkje anonyme innlegg. Det bør vera sekretariatet som godkjenner innlegga. Debattstaden bør kallast for diskusjonsforum i staden for blogg.

Aud og Grete har ansvar for å lesa innlegga, og gi oppsummerande svar med jamne mellomrom.

E-post

Kontakt med nemnda: Folk kan bruka ordskifteforumet. Me får òg ei e-postadresse der folk kan kontakta Grete eller Unn direkte. Det må stå ved e-postadressa at det som blir sendt inn, blir journalført og slik sett offentleg.

Blest om nettsidene

Me må få aviser og andre på område der ein trur det er særleg interesse, til å skriva om nettsidene og ordskifteforumet. Lenkje må liggja på Språkrådet si side. Sidene kan kunngjerast gjennom e-postadressene til Språkrådet, og ev. gjennom Landslaget for nynorskaviser. Me bør òg spreia nettadressa vår til andre: elevorganisasjonar, lærarorganisasjonar, språkorganisasjonar.

Journalføring

Alt som kjem inn, må journalførast eller arkiverast under eitt saksnummer, slik at det kan brukast i forskning e.l. Språkrådet gjer det.

Oppsummering

Sekretariatet har gjort eit godt arbeid med forslag til nettsider, og arbeider vidare med å få til eit ordskifteforum under nettsida til rettskrivingsnemnda.

5 Kven bør me ha kontaktmøte med?

Me bør ha kontaktmøte med enkelte store tekstprodusentar og representantar for brukargrupper. Desse kan vera aktuelle:

- **Forlag:** Samlaget, dei store lærebokforlaga (Kunnskapsforlaget, Cappelen, Aschehoug, Gyldendal)
- **Utdanningsverket:** Nynorsksenteret, Skrivesenteret i Trondheim?
- **Lærarorganisasjonar:** Undervisningsforbundet, LNU, fagutvalet for norsk i Norsk lektorlag?
- **Studentorganisasjonar:** Elevorganisasjonen, ev. organisasjon for lærarstudentar?
- **Aviser og medium:** Dag og Tid, NPK, Bergens Tidende, NRK?
- **Rettsvesenet** (dei som arbeider med lovspråk)
- **Andre:** LNK, Allkunne

6 Behov for utgreiingar

Aud hadde laga eit førebels oversyn over materiale om rettskriving og rettskrivingsvanskar.

Viktig å sjå på ungdomsspråk, viss me skal laga ei norm for framtida:

- Det ligg ei føring frå fagråd 3 og leiargruppa i Språkrådet om å bruka KAL-materialet, men det er ikkje noko absolutt pålegg. Det har avgrensa verdi fordi tekstane er korte, og det er ungdomsskuletekstar. Arbeid frå vidaregåande skule eller frå eksamenar ved universitet/høgskular ville vera vel så interessant materiale. Det er skrive ei oppgåve i Bergen om språket i eksamenssvar.
- Andre meir uoffisielle kjelder: Norsk Barneblad, Magasinett, bloggar, barne- og ungdomssider i aviser, skrivebua.no, dario.no. Mykje arbeid å samla inn dette materialet.
- Det kunne vera ein tanke å invitera skular til å skriva til oss om kva dei meiner om nynorsk rettskriving. Samtidig kunne dei inviterast til "Bli med og lag eit nynorsk ungdomstekst-korpus".
- Sidemålsbrukarane bør òg trekkjast inn – kanskje kan me få inn materiale frå ein klasse som har nynorsk som hovudmål, og ein som har nynorsk som sidemål.

Det finst lite frå offentleg målbruk, både i stat og kommune. I dag ligg det meste tilgjengeleg gjennom digitale journalar. Det kan vera aktuelt å snakka med dei som har halde kurs for folk i det offentlege, både kommunar og statsnivå.

Nemnda vurderer å laga punktgranskningar på språk i det offentlege, t.d. språket på nettsidene til fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Aud undersøker med LNK om det er mogleg å gå gjennom dei og spørja om å få alle tekstar frå nettsidene til ein del nynorskkommunar frå ein gitt dag. Slike nettsider reflekterer mange yrkesgrupper og aldersgrupper.

Viktig å få kartlagt både praksis og haldningar. Stemmer haldningane overeins med kunnskapen om valfridommen?

Frekvens som normeringsgrunnlag

Å måla frekvens er relevant for den mest allmenne delen av ordforrådet. Nokre undersøkingar av frekvens er lettare å utføra enn andre, særleg på morfologi.

Oppsummering:

- Trekkja ut offentleg tekst – nettskriving – med tanke på punktgransking.
- Få inn skuletekstar – t.d. eksamensoppgåver frå vidaregåande. Aud sjekkar med Utdanningsdirektoratet om det er mogleg å få tilgang til digital innlevering dei siste to-tre åra.
- Unn, Åse og Aud finn fram til studentar som kan ta på seg å gjennomføra punktgranskingar.
- Aud må tematisera lista over granskingar som alt finst. Søftelands undersøking må gå til nemnda.

Oddrun sa på vegner av samlingane ved Universitetet i Oslo at Norsk Ordbok tek imot alt materiale med takk dersom det er i god digital skikk. Dei kan på si side ta på seg å leggja nytt materiale inn i Det nynorske tekstkorpuset.

7 Prinsipp

Leiaren hadde på førehand føreslått at desse prinsippa skal leggjast til grunn:

1. På eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål)
2. Skriftradisjon viktigare enn dialektomsyn (nasjonal norm, ikkje regionale normer)
3. Faktisk bruk
4. Den slitesterke normalnynorsken

Nemnda samla seg om desse prinsippa, i prioritert rekkjefølgje:

Riise-nemnda vil normera nynorsken

1. på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål)
2. ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (nasjonal norm, ikkje regionale normer)
3. slik at utbreidde talemålsformer blir tillagde vekt
4. ut frå pedagogiske omsyn

På nettet må det liggja ei forklaring av kva som har vore prinsipp for tidlegare rettskrivingsendringar. Det må koma fram at ein no normerer nynorsken på eigen grunn for fyrste gong på svært lenge, og at det er rettskrivinga me skal sjå på, og ikkje ordtilfanget.

8 Ymse

a. Arbeidsrom på nettet

Me ber Helge Dyvik gjera det mogleg for oss å bruka arbeidsrommet som fagråd 3 bruker (under UiB). Aud spør om det.

b. Lekse til neste gong:

Les Vikørs artikkel "Om normering av nynorsk" og støttearket som høyrer til. Artikkelen er ein fullt utskriven versjon av foredraget han hadde på opningsseminaret for rettskrivingsarbeidet 20. januar 2010. Dokumenta ligg i arbeidsrommet, og blir lagde på nettsida vår så snart ho er oppretta.

Aud Søyland refererte.